

# Studentar som endringsagentar



*Det brenn nokre små, men viktige ljøs på Konsen når det gjeld å utdanne studentar til å bli endringsagentar. Denne artikkelen presenterer ulike prosjekt kor studentar og lærarar saman arbeider for ei meir jamstilt verd, også i musikkfeltet.*

■■■ Kate Maxwell



Studentane er dei viktigaste ressursane eit musikkonservatorium har. Dei er engasjerte, aktive, initiativtakande og villige til å lære. Studentane reflekterer Kosen og Tromsø på fleire måtar: dei utgjør ein møteplass for ulike synspunkt, kulturar, innfallsvinklar, og skapar òg ein møteplass for samarbeid imellom studentane og mellom skulen og samfunnet.

Dei representerer ikkje utelukkande seg sjølve, men kan òg vere representantar for eit annleis syn på korleis samfunnet er eller bør vere.

Kosen og studentane der står i ein maktposisjon i Tromsø (Benneworth, Maxwell og Charles, 2022), og det er difor ein vesentleg faktor ein må ha medvit når det gjeld utgangspunktet deira: Dei er ei privilegert gruppe som alltid har hatt økonomisk tryggleik, som følgje av å vakse opp i eit særst velstående land. Dei har difor fått høve til å studere musikk til dømes både på kulturskulen og i høgare utdanning, og til å nytte musikkrelaterte kurs og fritidsaktivitetar gjennom oppveksten.

Arbeidet som blir presentert i denne artikkelen er basert på tre forskingsartiklar, to som er inspirerte av studentane sine studiar og ein som er skriven saman med ein student. Arbeidet har sa-



manheng med VoW-prosjektet (sjå eiga artikkel, red.anm.), men er ikkje direkte knytt til det. Denne artikkelen viser korleis studentar og tilsette ikkje berre er opne for eit slikt prosjekt, men dei treng det for å underbygge, støtte og forsterke det dei allereie gjer. Ansvar for å kjempe for rettferd ligg ikkje berre hos dei som opplever seg som minoritetar. Alle er velkomne til å bidra. Når det gjeld å utdanne studentar til å bli endringsagentar, brenn det nokre små, men viktige ljøs på Konsen.

**Musikkhistorie i endring:** Musikkhistorie er eit fagfelt som har vore i endring i lengre tid, og særleg sidan 1990-talet. Til dømes har det etter den tid vore publisert fleire studiar om kvinnelege komponistar. Vidare har det òg vorte løfta fram eit fokus på andre enn komponisten, til dømes kvinnelege lærarar slik som Nadia Boulanger, redaktørar som Thea King, amatørmusikarar som Elise Hall, patroner som Isabella d'Este, og ikkje minst musikkutøving i meir private samanhengar, som Nannerl Mozart er eit døme på. Den nye kunnskapen har ikkje endra måten musikkhistoriefaget vert undervist på i så stor grad som ein skulle tru. Dette kan ha med å gjere at det er enklare å undervise slik ein alltid har undervist, og at det kan vere vanskeleg å bryte laus frå tradisjonar og vanar. Å avgjere kva for kunnskap som er meir vesentleg enn anna kunnskap er ikkje lett, og sidan folk har ulike interesser og prioriteringar vil nok ikkje alle vere samde om kva som står øvst på prioriteringslista. Me meiner at det er viktig at musikkhistorieundervisninga inkluderer komponistar frå ulike etnisitetar og kjønn. På denne måten vil musikkhistoria spegle eit breiare lag av befolkninga i verda og ikkje berre eit lite, privilegert utval.

**«Me meiner at det er viktig at musikkhistorieundervisninga inkluderer komponistar frå ulike etnisitetar og kjønn. På denne måten vil musikkhistoria spegle eit breiare lag av befolkninga i verda og ikkje berre eit lite, privilegert utval.»**

Skuleåret 2021-2022 reviderte Konsen BA-emna i musikkhistorie og analyse. Ei arbeidsgruppe samansett av studieprogramleiar, faglærar, observatør, instituttleiar og, viktigast av alt, studentar arbeidde fram nye emneplanar. Planane vart tatt i bruk frå hausten 2022. Etter fleire år med ein praksis der semesterplanar og musikklistar i emnet har representert eit stort mangfald, vart det med nye emneplanar eit nytt fokus på kvinnelege og ikkje-kvite musikarar og komponistar, også frå eit administrativt nivå. Denne endringa er i tråd både med synet på- og innhaldet i det nye Musikk i perspektiv-faget på VGS, og med internasjonale tendensar i musikkhistorie, der Skandinavia har lege etter samanlikna med land me liker å samanlikne oss med. Dette var bakgrunnen for eit temanummer av tidsskriftet *Danish Musicology Online: European Music Analysis and the Politics of Identity*, som vart publisert våren 2022. I dette nummeret har studenten Sabina Fosse Hansen og professor Kate Maxwell skrivne om refleksjonane sine rundt musikkhistorie-emna på Konsen, og korleis forventningane til studentane kan bli oppfatta gjennom eit større samfunnspektiv og omgrepet «kvit uskuld» (Wekker, 2016; Maxwell og Fosse Hansen, 2022). Elles etter å ha undersøkt namna på publikasjonslista, oppdaga dei at dei var dei einaste kvinnelege forfattarane i nummeret. Ein slik ubalanse er med på å understreke at mangfaldsproblemet i faget er meir omfattande enn sjølv kanonen.

**Nynorsk og avkolonisering:** Omgrepet avkolonisering har vorte tatt i bruk meir og meir dei seinare åra, og det å kjempe for minoritetar har fått eit særleg fokus. Kanskje har delar av verda nådd eit punkt kor det har oppstått tid

og høve til å reflektere over dei urettane som har gått under radaren gjennom historia. Dette ser vi i Noreg til dømes med den samiske befolkninga og hjå dei som nyttar nynorsk.

Minoritetar kan ende opp med å bli tråkka på i prosessen med, og som en konsekvens av, å løfte majoriteten opp. Ofte må dei som vert tråkka på kjempe for rettane sine åleine. Sidan det er minoritetar det ofte går ut over, blir ikkje problema deira alltid høyrte. Som Sara Ahmed skriv, «we become a problem when we describe a problem» (Ahmed, 2017, s. 84). Eit fleirtal som er nøgd kan sjå på ei alternativ endring som noko som kan skape ulemper og problem. Nynorsk er likestilt med bokmål, men nynorskbukarar kan oppleve å bli mobba på skulen, nekta tilgjengelegheit til språket sitt og retten til å nytte språket sitt på skulen, i kvardagen og i arbeidslivet. Dette gjeld også den samiske befolkninga i Noreg, der dei samiske språka og den samiske kulturen generelt i lang tid vart systematisk motarbeida. Kampanjar med grov og vulgær språkbruk vert ofte retta mot minoritetar av ymse slag. Det er få som bryr seg om rettane deira, og det blir ofte opp til individa å stå opp for seg sjølv. Språk er ein viktig del av identiteten til eit individ og det er viktig for dei og for oss at alle skal få nytta språket sitt. Dette burde vere openbert og sjølv sagt.

**Repertoar og eksotisme:** Musikkundervisninga i Noreg har tradisjonelt hatt fokus på vestleg musikk. Dei seinare åra har kunnskap om den musikaliske historikken i andre verdsdelar blitt tatt opp i feltet i små fragment, men har ikkje vorte grundig undersøkt. Dette er til hinder for ein vidare refleksjon og kunst- og kulturforståing, både hos undervisarar og elevar. I tillegg til at det gir mindre rom for det ukjente, gjer det at det er vanskelegare for kunstnariske verk frå andre verdsdelar å overleve. Som student på Musikkonservatoriet i Tromsø er det mogleg å vise fram slike verk gjennom eige initiativ. Det er rom for å undersøke den musikaliske historia i verda i dei fleste emna, og spesielt i eiga utøving og gjennom val av eige repertoar. Studentane vert ofte

oppfordra til å ta tak i det dei er interesserte i, med støtte frå lærarane i ulike emne, noko som kan gi motivasjon til å ta opp musikk og kunnskap frå dei små felte som det ikkje har blitt nok forska på.

Eit stort tal med komponistar som skreiv for saxofon blei honort av velgerarar med økonomiske midlar, slik høvet også var for Beethoven, Haydn og Mozart, i deira tid. Ein som har bestilt fleire verk til saxofon var Elise Hall (1853-1924): produsent, patron, orkesterleiar og solist. Ho tok initiativ til og betala for omkring 30 verk for saxofon og orkester, alle skrivne på byrjinga av 1900-talet. Med hennar hjelp fekk me narrative, dramatiske og impresjonistiske orkesterverk med ein solistisk blåsar inn i orkesteret. Dessverre vert desse sjeldan spelt i dag, med unntak av Rapsodi for saxofon og orkester av Debussy. Eit viktig spørsmål me kan stille oss i dag er: hadde den klassiske saxofonens historie eksistert utan denne kvinna, som sørger for at Debussy, Schmitt og D'Indy, med fleire, skreiv slike verk? Desse verka må framførast og forskast på, og dette er vi mange som er i gong med nett no!

**Kvalitet og genius:** Kunstnarleg utdanning kan bidra til eit meir jamstilt og inkluderande samfunn. Utdanninga utfordrar lærarar og studentar til å tenkje kreativt, å vurdere kritisk, og å førestille seg ei ny verd (Mittner, Meling og Maxwell, kommande). Likevel er nokre av hovudomgrepa i musikkterminologien problematiske og kan vere utfordrande for den musikkfaglege utviklinga. Nokre av desse er *kvalitet*, *genius* og *excellence*. Omgrepa peiker på maskuline ideal som ikkje reflekterer andre kjønns kreative praksis eller realitet! Når det gjeld kvalitet er det enkelt å seie at ikkje alle musikarar er som Beethoven, men det er vanskelegare å få dette akseptert av sensorar, publikum, musikarar og faglærarar.

Beethoven-paradigmet (Goehr, 1992) tyder at idealet om «den store komponisten og hans verk» vert haldt ved lag. Idealet prega både rytmiske og klassiske sjangrar. I realiteten kan mykje meir enn sjølv verket inkluderast når ein framføring skal verdsetjast. Studentar som endringsagentar finn allereie måtar å framføre musikk på der dette kjem til uttrykk.

**«Eg er villig til å delta i endringar, sjølv om eg treng å gå utanfor komfortsona mi. Eg skal sørge for å inkludere og bygge praksisar og eit samfunn som er jamt.»**

**Eit manifest for endringsagentar:** Inspirert av Sara Ahmed (2017, s. 501-536) som avslutta boka si *Living a Feminist Life* med eit manifest, ynskjer me også å avslutte med eit manifest for studentar som vil vere endringsagentar.

- Prinsipp 1: Eg er villig til å delta i endringar, sjølv om eg treng å gå utanfor komfortsona mi.
- Prinsipp 2: Eg skal sørge for å inkludere og bygge praksisar og eit samfunn som er jamt.
- Prinsipp 3: Eg skal seie ifrå, og støtte andre som seier ifrå, om eg føler at noko er urettferdig.
- Prinsipp 4: Eg skal oppsøke og framføre eit breitt repertoar.
- Prinsipp 5: Eg skal be biblioteket om å kjøpe inn nytt repertoar slik at studentar i framtida også kan få glede av å framføre musikken.
- Prinsipp 6: Eg skal utfordre faglærarar og andre til å tenkje nytt om kvalitet og kva det tyder.
- Prinsipp 7: Eg skal lytte, respektere og ta vare på minoritetar så langt det lar seg gjere.
- Prinsipp 8: Eg skal reflektere over korleis eg kan bli ein sjølvstendig endringsagent, og lage mine egne prinsipp som passar til meg og ønska mine

#### Kjeldeliste:

- Ahmed, S. (2017). *Living a Feminist Life*. Duke University Press.
- Bennenworth, P., Maxwell, K. og Charles, D. (2022). Measuring the Effects of the Social Rural Univer-

sity Campus. *Research Evaluation* spesiellnummer *A Tribute to Paul Bennenworth*. (I publisering.)

- Chibici-Revneanu, C. (2011). *A Masculine Circle: The Charter Myth of Genius and its Effect on Women Writers*. PhD-avhandling, University of Warwick. [http://wrap.warwick.ac.uk/58639/1/WRAP\\_THESIS\\_Chibici-Revneanu\\_2011.pdf](http://wrap.warwick.ac.uk/58639/1/WRAP_THESIS_Chibici-Revneanu_2011.pdf)
- Goehr, L. (1992). *The Imaginary Museum of Musical Works: An Essay in the Philosophy of Music*. Oxford University Press.
- Maxwell, K. (kommande). «Excellence». I *Gender Diversity, Equity, and Inclusion in Academia: A Conceptual Framework for Sustainable Transformation*, red. M. Duarte, K. Losleben og K. Flørtoft. Gender Series. Routledge.
- Maxwell, K. og Fosse Hansen, S. (2022). Decolonizing Music History in Scandinavia: Reflections from the Chalkface. *Danish Musicology Online* spesiellnummer *European Music Analysis and the Politics of Identity*, s. 107-114. [https://www.danishmusicologyonline.dk/arkiv/arkiv\\_dmo/dmo\\_saernnummer\\_2022/dmo\\_saernnummer\\_2022\\_european\\_music\\_analysis\\_06.pdf](https://www.danishmusicologyonline.dk/arkiv/arkiv_dmo/dmo_saernnummer_2022/dmo_saernnummer_2022_european_music_analysis_06.pdf)
- Mittner, L., Meling, L. K. og Maxwell, K. (kommande). Arts-Based Pathways to a More Gender Equal World. *VIS: Nordic Journal for Artistic Research* (i fagfellesvurdering).
- Nochlin, L. (2002 [1971]). Hvorfor har det ikke vært noen store kvinnelige kunstnere? *Pax artes* 8. s. 7-64.
- Nilsen, F. (2022). Sofie Charlotte av Preussen og kvinners handlingsrom i filosofien. *Nordlit* 50 (kommande).
- Wekker, G. (2016). *White Innocence: Paradoxes of Colonialism and Race*. Duke University Press. ■

**Kate Maxwell er professor i musikkhistorie, teori og analyse ved Musikkonservatoriet i Tromsø.**

*1. Sjå til dømes Nochlin, 2002 [1971] for visuell kunst, Chibici-Revneanu, 2011, for skjønnlitteratur og Nilsen, 2022 for filosofi).*